ÅRG. 7 NR. 3 – NOVEMBER 2026

KINN

KYRKJEBLAD



Kinn sin første minnelund – i Eikefjord
side 4

Helikopter til stølsmesse i Norddalsfjord
side 10

80 år og framleis på preikestolen
side 14

Velkommen til eit nytt nummer av Kinn kyrkjeblad

Du vil kanskje ikkje merke noko stor forskjell i det redaksjonelle i dette bladet, men kanskje litt på papirkvaliten og layouten? No er det Kinn kyrkjelege fellesråd som står bak det redaksjonelle og vi har inngått avtale med A til Å Grafisk Design og Media på oppsettet. Vi takker for arbeidet som sokneråda har gjort med bladet og ser fram til mange nye år.

«Nytt» kyrkjeblad, ny heimeside, nytt servicehus på Kinn, tett tak på kyrkja i Stavang, ny minnelund i Eikefjord, hjortegjerde her og der, service på orgelet på Raudeberg og bruktbutikk som selger for over millionen. Det er noko av det vi har fått til i 2026. Vi kunne ramsa opp endå meir, men dette viser noko av den store aktiviteten kyrkja er involvert i og det store dugnads-arbeidet dei lokale sokneråda jobber med.

Mykje av arbeidet vårt er basert på frivillighet og dugnad. Vi er avhengig av at folk stiller opp og tar eit tak. Om du vil jobbe som kyrkjevert på Kinn eller kan ta ei vakt i bruktbutikken er du velkommen. Vi treng at du bryr deg og at du vil vere med å jobbe for fellesskapet.

Neste nummer kjem rett før påske i mars 2027. Om du har forslag til innhold i bladet eller noko du vil vi skal skrive om, så set vi pris på at du tar kontakt.

Takk - vi snakkast.



Per-Øyvind Sørbø
Leiar, Kinn kyrkjelege fellesråd

Kinn kyrkjelege fellesråd

kyrkja.no/kinn
481 00 481
kyrkja@kinn.kommune.no

Kyrkjeverje Dag Henrik Nygård

Kyrkjekontoret i Måløy
Rådhuset 3. etg

Kyrkjekontoret i Florø
Markegata 28

Kontortid Florø og Måløy
Man, tirs, tors, fred. kl. 10.00 – 14.00
Stengt for lunsj kl. 11.30 – 12.00
Tilgjengeleg utanom opningstid etter avtale

Kinn kyrkjelege fellesråd
Per-Øyvind Sørbø – *Eikefjord (leiar)*
Vebjørn Leite Olsen – *Kinn (nestleiar)*
Hjørdis Svortevik – *Bru*
Ole Christian Rynning – *Nordal*
Halgeir Lade – *Sør-Vågsøy*
John Inge Refvik – *Nord-Vågsøy*
Silje Ødegård Standal, *kommunal representant*
Knut Magne Nesse, prosten i Sunnfjord prosti, *geistleg representant*
Dag Henrik Nygård, *sekretær*

Leiarar i sokneråda
Halgeir Lade – *Vågsøy*
Anders Tyvold – *Bru*
Mona Standal – *Eikefjord*
Siv Aase Eggen – *Kinn*
Anita Eikevik– *Nordal*

Kinn kyrkjeblad

Utgjevar: Kinn kyrkjelege fellesråd
Redaksjon: Per-Øyvind Sørbø (red.), Solbjørg Teige, Dag Henrik Nygård.
Stoff til bladet må vere sendt til redaktør innan 19.02 på e-post: per-oyvind@endestauren.no.

Grafisk utforming: A til Å Grafisk Design og Media, Florø
Vil du ha annonse i kyrkjebladet? Ta kontakt med Per-Øyvind Sørbø.
Bilde på framsida: Ann Kristin Takle Winterthun

Du kan få Kinn kyrkjeblad sendt i posten. Kontakt kyrkjekontoret på kyrkja@kinn.kommune.no.

Bladkontigent
Kr. 300,-

Bankkonto:
3775.07.09509
Merk med "Kinn kyrkjeblad".

VIPPS:
947295
Merk med "Kinn kyrkjeblad".

Ny nettside til Kinn kyrkjelege fellesråd



Kinn kyrkjelege fellesråd har bestemt at vi skal fornye kyrkja i Kinn. No har vi lansert ny heimeside og eit nytt design på kyrkjebladet.

No vert heimesida lik dei fleste sidene som du finn i dei andre kyrkjelydane. Vi ynskjer ein felles lik identitet som har moderne design. Den nye nettsida skal gjera det enklare å halde deg informert, enten det gjeld tidspunkt for gudstenester, arrangement eller anna informasjon.

Vi får ei side som vi trur vil gje bedre brukaroppleving og ikkje minst er tilpassa mobilen din. Eldre sider er sjeldan optimalisert for smarttelefonar, noko som gjer at vi mistar brukarar av sida vår.

Ei meir brukarvenlig heimeside er òg lettare for administrasjonen å bruke. Det blir lettare for oss å legge ut nyheter, endre på bilder eller oppdatere tekst.

Vi håper at vi kan leve opp til dine forventninger når du besøker den nye nettsida. Om du er nøgd eller misfornøgd - eller har tanker om forbetringer - ikkje nøl med å kontakte oss !

Tekst: Per-Øyvind Sørbø

< Besøk den nye nettsida

”Nye” Kinn kyrkjeblad

Jøye meg – her kjem Kinn kyrkjeblad i ny drakt. Du får eit «nytt» blad med ny grafisk profil og ein høgare papirkvalitet. Du vil kjenne att ein del av det gamle stoffet, men og sjå at vi prøver å fornye oss.

Kvifor gjer vi dette? Det er fleire årsaker til det. Først og fremst handler det om økonomi. Vi har hatt røde tal for kyrkjebladet i dei siste åra. Sal av annonser og bladpenger har ikkje greidd å vege opp mot trykking og distribusjon. Vi har no redusert frå 4 til 3 utgaver per år og sagt opp avtalen med Posten for å bøte på dette.

Fram til no har kyrkjebladet vore distribuert gjennom Posten. Frå og med denne utgaven tek fellesrådet sjølve over distribusjonen og den dugnaden vil spare oss frå betydelige kostnader. Dei minste sokna som Nordal, Bru og Eikefjord vil kunne greie å nå dei fleste postkassene. Utfordringene vert større i byane Florø og Måløy, men også der vil sokneråda vere med på å dele ut ein del blad. Kyrkjebladet vil og være tilgjengeleg på kyrkjekontora, i kyrkjene og andre naturlige møteplasser i sokna.

Du kan også lese kyrkjebladet på den nye nettsida som vi publiserer no i november. I kombinasjon med oversettingsverktøy kan dei som vil enkelt oversette til språket dei føretrekk, slik at informasjonen blir tilgjengeleg for enda fleire.

Dei som ikkje lenger bur i kommunen og ønsker å holde seg oppdatert har fått bladet tilsendt. Det skal vi fortsette med. Er det andre som vil sikre seg at bladet kjem fram til dei i postkassa kan dei ta kontakt med kyrkjekontoret.

Endring er alltid krevende – ver tolmodig med oss – så skal det gå seg til!

Tekst: Per-Øyvind Sørbø





Minnelund i Eikefjord

Endeleg! Ny navna minnelund er ferdig i Eikefjord. Det var ein stolt soknerådsleiar Mona Ødegård Standal som kunne gratulere med den fyrste minnelunden i Kinn kommune.

Etter initiativ frå Eikefjord sokneråd og godt samarbeid med Kinn kyrkjelege fellesråd har det i 2026 vore jobba med søknad til statsforvalter og kommune for godkjenning til å bygge ein minnelund i Eikefjord.

Lokale krefter har jobba dugnad og dei to minnesteinane er også lokale. Det er Løkkebø naturstein som har levert steinane. Til våren blir det planta ut busker og blomster samt lagt kvit grus for å gjere minnelunden enda finare. Og det aller fineste er at vi har greid dette med eit budsjett på kr. 200.000!

Det er Eikner Naturstein som har montert bronseskinner og skal levere minnesmerker som skal festes på steinen. Dei har og vore med i heile prosessen og montert steinene og komt med gode innspel. Minnesmerka er i bronse og vert levert i storleik 12x12 cm.

Det er Kinn kyrkjelege fellesråd som er gravplassmyndet og som tek ansvar for stell, vedlikehald og beplantning av minnelunden. Om du vil vite meir om minnelunden les du deg opp på heimesida til kyrkja.

Tekst og foto: Per-Øyvind Sørbø







DØYPTE

KINN

02.08.26 Matheo Humlestøl Svidal
Ellinor Skuseth
09.08.26 Vilde Cook Kvammen
August Olai Bjørnset Feten
Mikkel Føleide Hollevik
Odin Føleide Rørvik
23.08.26 Maia Seim Belsvik
Ingrid Hellesen Brandsøy
Leah Sunde Sigdestad
Arild Støfringsdal Røbekk
30.08.26 Louise Markx Hennøy
Lilly Swensen Storelid
Sofia Iversen Bendiksen
Astrid Melvær
06.09.26 Emrik Midtbø Indrebø
13.09.26 Vega Winterthun Ludvigsen
20.09.26 Jens Kjelsnes van Stee
Filip Ellingsund Korneliussen
Benjamin Jacobsen Nygård
04.10.26 Elliot Svardal-Kramvik
Hille Sørstrand Faye
11.10.26 Linnea Solvang Book
Aksel Kringstad Bræck
18.10.26 Aria Celin Kvalsvik Butz
Eveline Gjelsvik Stavik
25.10.26 Sverre Skuseth Bang-Olsen
David Vallestad
Noah Kristiansen

NORD-VÅGSØY

30.08.26 Tilde Tytingvåg
20.09.26 Leah Rutledal Dahl

SØR-VÅGSØY

09.08.26 Live Horn Ytrehus
16.08.26 Iver Våge Solheim
Ellinor Englmayer Gangsø
Emil Osnes Søraa
13.09.26 Ella Tungevåg Gangeskar
27.09.26 Klara Hagevik
Theo Rundereim Torskangerpoll
Sofie Flataker Rutle
18.10.26 Julie Kleppe Silden
Selma Kvernevik-Svoren

EIKEFJORD

30.08.26 Nadia Elén Bauge Tonheim
27.09.26 Storm Pedersen Barlund

NORDAL

27.09.26 Sofie Midtbø Hennøy

VIGDE

KINN

31.07.26 Alicja Walczak og
Ole-Jacob Lid
03.10.26 Bing Zeng og Øyvind Alræk

NORD-VÅGSØY

15.08.26 June Nedreberg Holmøy og
Petter Stavenæs Refvik

SØR-VÅGSØY

08.08.26 Kristine Inselseth og
Leif Arne Kongsbakk Iversen
22.08.26 Lovise Vedvik og Eeli
Hermanni Johannes
Raatevaara
29.08.26 Anniken Oppedal Heggelund
og Vegard Svoren
12.09.26 Hege Cecilie Vengen og
Trond Grønnevik Sandal

DØYDDE

KINN

18.07.26 Magnus Tviberg
31.07.26 Else Hammerseth
01.08.26 Sissel Karin Andersen
06.08.26 Per Høidal
14.08.26 Eivind Martin Hertzberg Ask
16.08.26 Astrid Toft
Leif Lars Sagen
17.08.26 Stig Michael Bredesen
22.08.26 Marit Hopkinson
29.08.26 Målfrid Angell-Jacobsen
13.09.26 Reidar Kjell Magnesen
16.09.26 Anne Rognaldsen
20.09.26 Tove Marie Halvorsen
27.09.26 Magne Harry Madsen
02.10.26 Øystein Fonn Ullaland
05.10.26 Rune Amundsen
16.10.26 Jan Birger Høvik
17.10.26 Helge Johansen
18.10.26 Turid Hjermann
20.10.26 Ludvig Magne Grytten
21.10.26 Thorleif Larsen
27.10.26 Grim Lund

NORD-VÅGSØY

10.07.26 Jan Refvik
06.09.26 Greta Dahl Aasebø
03.08.26 Terje Iversen
03.10.26 Johnny Bernt Kjøde
18.10.26 Audunn Nybakk
19.10.26 Jan Per Kvalheim

SØR-VÅGSØY

16.07.26 Ruth Marit Irmelin Støylen
Holvik
18.07.26 Atle Bjørn Nygård
30.07.26 Vigdis Gangsøy
01.08.26 Karstein Bjarne Kulen
06.08.26 Reidun Synnøve Blaalid
17.08.26 Oddbjørn Våge
30.08.26 Freddy Ove Hammersvik
21.09.26 Jorunn Ingrid Flataker
24.09.26 Nancy Berit Gangsøy
26.09.26 Anne Marie Larsen
03.10.26 Svein Nygård

EIKEFJORD

15.07.26 Aud Stensvoll
11.08.26 Anders-Ivar Stæger-Holst
13.08.26 Nora Herdis Hesjedal
28.09.26 Aslak Arne Osa
30.09.26 Kjell Sigurd Eikefjord

BRU

27.07.26 Helga Svortevik

Oversikta gjeld seremoniar i perioden 10.07.26 - 31.10.26

Saknar du nokon på lista?
Vi publiserer berre namn på personar der det er gitt samtykke til offentleggjering. Dersom du ikkje finn nokon du leitar etter, kan det vere fordi det ikkje er gitt samtykke.

Nytt frå kyrkjeverja

Gud sign vår Konge god, sign ham med kraft og mod! Det var med stor sorg, takksemd og medkjensle vi fekk melding om at Hans Majestet Kong Harald V gjekk bort, og at Prinsesse Astrid, enkjefru Ferner, døydde kort tid etter. Dei har vore samlande, ført tradisjon vidare, vore berarar av kultur og ikkje minst vore trufaste mot både eid og plikt gjennom gjerninga.

Friviljug innsats

Den friviljuge innsatsen for den lokale kyrkje ser somme gongar ut til å vere endelaus. Ei klok dame sa at ingen held ei kyrkje ved like i 900 år av plikt. Det same tenkjer eg om den friviljuge innsatsen vi ser for lokalkyrkja. Ingen gjer det, med friskt mot, over mange år, utan at det ligg noko anna enn pliktkjensle til grunn.

Denne gongen vil eg særleg lyfte fram bedehuskapella våre, som i dei fleste tilfella er eigde av bygdene dei ligg i. Dette vil seie at dei vert haldne ved like utan offentlege tilskot, må organisere og ordne opp sjølv. Då Hans Majestet Kongen døydde, vart det klemta frå klokkene, og det vart flagga på halv stang kvar dag fram til gravferda. På gravferdsdagen ringde vi med klokkene frå kyrkjene og kapell. Det vart òg flagga på dødsdagen og gravferdsdagen til Prinsesse Astrid, enkjefru Ferner. Kyrkjetenarane og friviljuge har strekt seg langt lenger enn nokon kunne vente i denne tida. Med små stillingar, har vi ikkje under noko omstende dimensjonering for slike hendingar, men her var både evne og vilje til mobilisering. Takk til kvar einskild som har vore med og gjort eit avgjerande bidrag for at vi, som ein av dei viktigaste tradisjonsberarane i lokalsamfunna, kunne bidra til å heidre minnet etter ein samlande Konge og ei trufast Prinsesse.

Det er vanskeleg å trekkje fram alle som arbeider friviljug, men kvar og ein som gjer noko, anten det er fast eller mellombels, mykje eller lite, skal vite at bidraget alltid vil vise att i totalen. Eit døme kan vere at dei som nyttar av tida si for å halde Sør-Vågsøy kyrkje open, kan gjere det mogleg for 1 400 personar på ein dag å kunne sjå den flotte kyrkja frå innsida.

Vedlikehald

Manglande vedlikehald er ei gjennomgåande utfordring for arbeidet vårt, og som sjølvsagd gjer det krevjande å utføre tenestene med den kvaliteten vi ynskjer. Vi merka det særleg når vi skulle ringje med kyrkjeklokkene for Hans Majestet Kongen. Luker som ikkje gjekk opp, elektriske motorar som stogga midt i ringinga, klokker som måtte ringjast manuelt med tau med den slitasjen og stresset dette fører med seg. Eg er utruleg imponert over alt vi får til med avgrensa ressursar.

Det store vi ser fram til no er å skifte taket over koret og kyrkjelydssalen i Stavang kyrkje, som for lenge sidan har sett si beste tid. Tette tak er fyrste steg mot målet om å kunne ha bygg i god stand, og som tener det føremålet dei er bygde for. Kommunepolitikarane i Kinn skal ha skryt for å løyve pengar til oppgradering av kyrkjene og kyrkjegardane, soleis at vi kan take att litt av det store etterslepet.

Vegen vidare

Det eg tek med meg vidare er kor avgjerande rolle den lokale kyrkja spelar i vidareføring av tradisjonar og kor samlande tradisjon og kultur kan vere for eit samfunn. Mange er avhengige av kyrkjeklokker, gudstenester eller juleevangeliet for å skjøne at det er jul. Kvalitet er heilt avgjerande i arbeidet vi utfører. Har du ein flink prest, kunnig klokkar, god kantor og røynd kyrkjetenar, kan du få god kvalitet. Kvantitet tel ikkje. Hans Majestet Kongen fekk ei verdig gravferd. Denne gravferda fylgjer same mønster som vanlege gravferder. Det er motiverande når det produktet vi leverer til innbyggjarane minner så mykje om det som vert nytta for Kongen. "Høyt sverger Norges mand, hver i sitt kald sin stand, troskab sin Drott".



Dag Henrik Nygård
Kyrkjeverje

NORDVEST VINDUET
NBN ELEKTRO
En bedre Elektriker
Vakttlf. 24/7: 57 75 28 00
nbnelektro.no
NORGESHUS
Stormbygg AS
Skipskompetanse





Bergensfamilie er kyrkjevertar for første gong

Kystpilgrimsleia strekkjer seg frå Egersund til Trondheim. Øyene Kinn og Selje høyrer til på «ruta» og byr på både stempel i passet og mektige inntrykk. Likevel er menneska vi møter undervegs det aller viktigaste, kor vi enn er i livet.

I kyrkjene våre syng vi stundom salmen «Da jeg trengte en neste», med det ransakande spørsmålet: «Da jeg trengte en neste, var du der?». Dette fekk ein djup klang då familien min var vertar og tidebøn-leiarar ved Kinn kyrkje i sommar. Vi fekk stempel i pilegrimspassa og fann roen i det ville landskapet. Vi brukte denne salmen på tidebønene, og fekk synga den i lag med nokre, for oss – ukjende menneske. Dei var alle kjende for Gud.

I over tusen år har Kinn vore ein heilag stad der Gud har møtt ulike menneske. Her lever legenda om Sunniva og systrene hennar, som flykta over havet frå ein trussel om tvangsekteskap. Dei kom drivande som «båtflyktningar», på leit etter ei trygg hamn og eit nytt håp. Dei kom bort frå kvarandre der ute. Høyrest dette kjent ut? I dag kjem det stundom menneske til bygdene og byane våre som flyktningar frå andre land. Samstundes møter vi kvardagsmenneske som lengtar etter å bli sett og høyrd i ei vanskeleg tid. I jobben min som trusopplærar (barn/unge i kyrkja) kjem eg stundom utfor slike «heilage» møte, og dei tek eg godt vare på. Vi møtte nokre slike på Kinn òg.

Vi reiste til Kinn for å søkje ro og eit pusterom, noko som er både godt og nødvendig. Men her fekk vi òg møte andre som kom med liva sine. Utfordringa til oss som pilegrimar og kristne er tydeleg: Kan vi gå pilgrim for vår eiga skuld, og samstundes ha eit ope hjarte for andre? Kan vi sjå innover og utover, samt oppover – samstundes? Som den barmhjertige samaritanen må vi stoppe opp. Som kvinna ved brønnen må vi røra med det andre ikkje vil røra ved, som Jesus gjorde. Vi er ikkje kalla til å redde heile verda åleine, men til å vere eit medmenneske for den som kryssar stiane våre.

Vi både kan og må vere ein «neste». Når dette ansvaret kjennest tungt, snur perspektivet i siste verset av salmen. Det handlar ikkje lenger om kva vi maktar, men om Guds eige løfte:

«Overalt hvor du ferdes – jeg er der, jeg er der. Hvem du er, hvor du lever, det er én ting som teller: Jeg er der.»

La oss gå vidare med rom for oss sjølve, eit vake blikk for vår neste og ein djup tillit til at Gud alltid går med. Då får pilegrimsferda gjennom livet mål og meining. Takk for det vi fekk oppleve på Kinn, og takk til kyrkja som legg så fint til rette for at dette er mogeleg. Vi kjem gjerne att! Vaya con Dios – Gå med Gud!

Tekst og foto: Ove I. B. Danielsen.











Her er venner og familie samla til tacofest før heimreisa til Norge.

Prost Mari Saltkjel på sommarjobb på Gran Canaria

Har hatt meg ein god prat for Kinn kyrkjeblad med prost Mari Saltkjel om hennar arbeid som prost i Nordfjord og det ho likar å gjere når ho vil gjere andre ting i ferie og fritid. Vi møttest på kyrkjekontoret i Måløy ein morgon i september over ein kopp kaffi.

Mari prost er godt kjend for oss som bor i nordre del av Kinn kommune, men kanskje ikkje alle sør i kommunen kjenner så mykje til henne. Ho fortalde litt om seg sjølv og det ho arbeider med som prost, så no blir du som les dette litt meir kjend med henne.



Familien hadde ei nydeleg utsikt der dei budde.

Mari er oppvaksen på Raudeberg. Ho fann tidleg ut at ho skulle studere teologi. Frå før var ho utdanna almennlærar frå lærarutdaning i Bergen og tok master der. Dette har ho hatt nytte av også i si teneste vidare. Ho søkte så som utvekslingsstudent i Uppsala i Sverige og tok all si teologiutdanning og teologieksamen der. Dette fekk ho godkjent i Noreg. Ho arbeidde natt i psykiatrien i lag med presteutdanninga. Det var ei spennande tid og det å bli prest passa henne godt. Ho fekk stipend til forfattarforeninga i Norge og brukte tre år på ulike måtar på å utvikle sin eigen evne innan fagfelta i forfatterforeninga.

Mari har lang praksis som prest. Første jobben hennar var prestevikar om sommarane i Nordfjord og ho var både i Hornindal, Stad, Vågsøy og Bremanger. Så fekk ho fast jobb som soknepresti Hornindal frå 2008 – 2016. Ho byrja deretter som soknepresti Vågsøy og i 2022 vart ho prost for heile Nordfjord. Ho har i dag som prost også av praktiske grunnar presteteneste i Vågsøy då ho bor der med sin familie. Prosten er arbeidsgjevar for prestane i prostiet. Prost Mari meiner ho har den finaste jobb ein kan ha.

FREQUENCY
Vi hjelper aktørar i Kinn med marknadsføring
FREQUENCY.NO

AUTORISERT ENTREPRENØR
TRYGVE ULLALAND AS
Vågavegen, 6900 Florø • Tlf. 57 74 17 93 • Fax 57 74 21 44

E. KARSTENSEN
6917 BATALDEN
Tlf. 905 46 148
post@karstensen.no

origod
Industrivegen
6900 Florø
Tlf. 57 75 21 40
post@origod.no
origod.no



Mari fekk æra av å vie eit ektepar i sola på Gran Canaria.

Prost Mari Saltkjel er ikkje redd for å gjere noko spesielt i ferien sin. I sommar tok ho med seg borna Oddny og Sverre og reiste til Gran Canaria på sommarjobb. Etter å ha vurdert og søkt fleire alternative stader fall valet på Gran Canaria. Mari tok med seg prestegjerninga og borna dreiv kafeen på Sjømannskyrkja. Ho visste det formelle når ho skulle ned og ho fekk god informasjon når ho kom dit. Borna er no blitt store og derfor kunne dei gjere noko annleis som å søkje sommarjobb utanlands. Ho hadde også lyst til å gjere noko ilag med borna. Dei skulle få oppdage å vere i kyrkja på ein annan måte. Oddny og Sverre skulle drive kafeen ved sjømannskyrkja i fire veker.

Det var lågsesong då Mari og borna var der. Det bur mange norske fastbuande på Gran Canaria, mykje turistar og ein del «klimaflyktningar». Der er norsk skule med 250 elevar, men då ho og borna var der var det skulefri der også. Turistane var flittige innom kafeen og dei to i kafeen steikte vafler og serverte kaffi med meir. Dei steikte 100 vafler per dag på nokre store vaffeljern av støypegods. I høgsesong kan dei måtte steike 1000 vafler om dagen, til dømes i påska og i travlaste turistsesongen. Der arbeidde ei dame fast på kjøkkenet som laga vaffelrøra og borna hadde kafeen på tirsdager og fredager.

På søndagane var Oddny og Sverre kyrkjetenarar når mor Mari hadde gudstenesta. Dei skulle også få klargjere kyrkjerommet til gudstenester og dei fekk god opplæring på det. Mari hadde også brudevigsler i ferien sin. Der er ca. 80 brudepar i året både i kyrkja og enkelte gonger på stranda. Utandørs vigsle var berre av norske brudepar. Prestekjolen var varm og temperaturen var +- 27 grader, så både prest og brudepar sveitta. Det var godt å ha god tilgang på ein dukkert i sjø eller basseng.

Folk ringde sjømannskyrkja når dei ville ha hjelp. Det kunne vere akutte ting og sjukdom. Prost Mari var også på sjukehusbesøk til nordmenn. Ho peika på kor viktig sjømannskyrkja er, både kyrkjeleg og som sosial samlingsplass. Det var godt med oppgåver og forventningar om at nokon treng deg.

Ein er uten rett dersom ein ikkje er flytta til Gran Canaria, men ein har rett på akutt helsehjelp.
Ved dødfall er der vanlegvis ein seremoni, men begravelsen skjer mest vanleg i Norge etter heimtransport av kiste eller urne.

Prost Mari hadde kvar dag kontorarbeid å gjere, men tidleg om morgonane var ho på stranda med borna. Der var gode forhold til bading både i basseng på land og i sjøen. Dei fekk også tid til å ta seg turar og sjå seg om.

Då ferieopphaldet på Gran Canaria var over hadde dei fest på taket. Før dei reiste heim inviterte dei heile staben på sjømannskyrkja heim til seg på taco. Opphaldet i syden gav meirsmak. Der var godt med oppgåver og forventningar om at nokon treng deg. Mari ser det som aktuelt å gjere det same igjen. Fire veker var litt lite og dagane gjekk fort. Borna fann seg raskt nye vener og hadde sine aktivitetar utanom kafedrifta. Der var tivoli à la Liseberg. Familien til Mari bada og stortreivst og dei reiste derifrå brune og fine.

Mari sa at det var både eit avslappande opphald og godt å ha noke å gjere. Opphaldet gav meirsmak. Dei kom alle heim ein fredag morgon og så var det rett på skulestart og jobb på mandag.

Tekst: Solbjørg M. Teige
Foto: Mari Saltkjel





Stølsmesse på Nordalsstølen

Når to eldgamle tradisjonar vert slegne saman i ei moderne form, kan ein verkeleg vente seg noko bra. Vi som var så heldige at vi fekk vere med på stølsmessa på Nordalsstølen i Nordal sokn sit nok att med kjensla av nettopp å vere del i ein eldgamal tradisjon i moderne format. Her må rettast ei stor takk til Nordal sokneråd og folket på Nordalen som opna sela sine og var vertskap for denne einestående opplevinga.

Etter ein regntung sumar var det lite som kunne freiste meir enn å vakne til godt vêr denne dagen det var sett opp stølsmesse på Nordalsstølen. Bil inn til Gruvla på Solheim, og så bar det på skogsveg ut mot Kvambotten, før vi sette til på brattlenda opp og inn mot stølen. Det var eit fint utsyn over gardane på Nordalen og ut Norddalsfjorden før vi kom opp. Tankane er på korleis folk måtte slite seg opp etter ein lang dag med arbeid og ned med holk på ryggen. Korkje tursko eller solgaranti var tilgjengeleg den gongen. Den gongen kryssa dei fjorden med båt for å kome seg mellom gardane og stølen.



Dei som ikkje kunne gå heile vegen opp, kunne sitje på med køyretøy på skogsvegen, og dei som hadde trong for transport heilt fram kunne fly med helikopter frå Sørbakken på Nordalen og opp på stølen. Noko av det beste med dette arrangementet var nettopp det at alle som ynskte å vere med, kunne vere med, heilt uavhengig av form og helse.

Nokre av oss er heldige og har fått vokse opp med besteforeldre som hugsar og som sjølv har vore med på stølsdrift. Dette er ein gamal tradisjon som dei fleste stadar er heilt borte, men som lever att gjennom forteljingar og ved at dei som sjølv har opplevd det faktisk tek seg bryet å fortelje oss yngre korleis ting har vore. Her skal det gjevast ei stor takk til Anita Eikevik frå Sørbakken som fortalde om tida det var aktiv drift på Nordalsstølen. Det er Jostein og Else Juditt Eikevik som hadde samla informasjonen, som gjorde til at vi som var med fekk take del i denne viktige lokalkunnskapen som mange stadar kan gå tapt om ikkje det vert formidla vidare.

Fleire av sela var opne, soleis at vi fekk kome inn og sjå korleis ting hadde vore. Sørbakkeselet hadde innsel i original stand. Nesten alle sela vart øydelagde i eit snøskred, og alle hadde trong for å byggje sela opp om lag på same tid. Dette resulterte mellom anna i at tre bruk gjekk saman om å byggje sela saman med sams tak. Her ser vi eit godt døme på at samarbeid kan gjere det betre for alle. Vi kan nok alle sjå føre oss det arbeidet det ville vere dersom ein ikkje hadde eit sel å leggje seg til i, og i staden måtte reke opp og ned frå gardane både morgon og kveld.

Etterkrigstida førte til effektivisering av landbruket og sekularisering av samfunnet. Både stølsdrifta og gudstenestene vart kanskje opplevde som mindre relevante i denne fasen, men så eldgamle tradisjonar fell aldri heilt bort. Kanskje er det dei moderne formene for dei gamle tradisjonane som gjer at vi ikkje vert heilt historielause? Mange bønder på sauesanking har nok vore svært glade for at forfedrane sette opp sel, soleis at dei kunne kome seg inn og skifte klede etter ein lang dag i fjellheimen.

Ei flott preike, fine salmar, prest i turklede, rømmask (rømmekolle) og yoghurt floge opp med helikopter, mykje bygdefolk og tilreisande folk sette oss inn i rekkja av eldgamle tradisjonar i moderne drakter. Er du nokon gong i tvil om du skal vere med på ei stølsmesse? Det treng du ikkje å lure på. Ver med, opplev å vere ein del av eit lokalsamfunn, ein del av to eldgamle tradisjonar og få lokalkunnskap på kjøpet. Endå ein gong har norddalsfjordingane vist gjennomføringsevne i beste klasse. Tusen takk til kvar einskild som har gjort dette mogleg.

Tekst: Dag Henrik Nygård
Foto: Dag Henrik Nygård og Anita Eikevik





Vi legg til rette for ei personleg og verdig gravferd, med omsorg og respekt for det som betyr mest for deg.

Hjelmeland
BEGRAVELSESBYRÅ
Til hjelp i sorga sidan 1978

Du når oss på telefon heile døgnet, alle dagar. 905 50 905

post@hjelmeland.as www.hjelmeland.as



Foto: Den norske kirke

Salmer i gudstenesta

Vi får av og til kommentarer på salmevalget i gudstenestene. Det kan vere sånn som: "eg kjente ingen av salmane i dag", "kor er dei gamle gode som vi sang før" Vi bruker ein del tid på salmevalget til gudstenestene.

Kriteriene vi arbeider etter er:
Kva slag type gudsteneste er det? Kva søndag i kyrkjeåret, kva tema er det i oppsette tekstar? Er det dåp og eller nattverd? Mange barn, eldre, konfirmantar, dåpsfamiliar, sangglade og vidare trur vi det kjem?

Så dermed leitar vi etter litt gamalt og litt nytt. Nokre av dei eldre sangane har eit utdatert språk og bilete som ikkje gir meining med mindre du veit til dømes kva "Sarons rose" er. Nokre nye har melodiar som ikkje nødvendigvis er så lett å få tak på.

For å komme folk i møte legg vi salmelistene for søndagens gudsteneste på Facebooksidene våre fredag ettermiddag. På den måten kan alle få førebu seg slik at både forventningar og oppleving av gudstenestene skal bli best mogeleg. Vi har nemleg ein enormt rik salmeskatt som vi gjerne vil dele.

Velkommen til gudstenester med varierte salmer til glede, ettertanke og inspirasjon. Sett deg gjerne sammen med nokon. Så er det lettare å synge med den stemma du har.

Kopier tekstane og søk dei opp på internett. Eller søk salmen opp på NRK "salmeboka minutt for minutt."

Tekst: Erling Bakke Nydal

Her finn du gudstenestene

Kva tid er det gudsteneste, og kvar? På den nye nettsida finn du oversikt over alle gudstenestene i Kinn, med tid og stad. Oversikta blir oppdatert fortløpande, så du kan alltid sjekke kva som skjer framover. Det ligg òg informasjon om dåp, nattverd og andre spesielle gudstenester.

Scan meg for å sjå gudstenestene >

BOSCH
Radio-TV Service
-DIN LOKALE ELEKTRONIKKBUTIKK I MÅLØY

PERSONLIG HJELP
OG OMTANKE
Eva og Tore
Vakttelefon 975 90 829
www.gravferdshjelpa.no

SÆTREN
elektro & automasjon

Ulvesund Elektro

HELT NYE
YARIS HYBRID
Toyota Nordfjord og Førde AS

ProffPartner
Tlf. 952 65 750
salg@ppfloro.no

Stadyard

Bistro
to kokker
ALT i CATERING
Tlf. 57 75 22 33
tokokker.as
Gode lokale
for minnesamvær

KINN BEGRAVELSESBYRÅ
Vi hjelper dere med en trygg og verdig avskjed!
24-timers telefon 970 37 500
nina@kinnbegravelse.no
Strandgata 34, 6905 Florø
www.kinnbegravelse.no



Foto: Hans Jakob Heimvoll / Den norske kirke

Kyrkjeval 2027

Nye sokneråd skal velgast i 2027 og det er no tid for å finne navn til listene til dei seks sokneråda i Kinn kommune. Kanskje er du ein av dei?

Framover vil det bli jobba med å finne personar til dei ulike sokna og vi håpar at du er positiv til ein dugnadsjobb. Kyrkja treng menneske med ulik bakgrunn og alder og ulik kompetanse. Om du går ofte eller sjeldan i kyrkja, om du er trygg i trua di eller undrar deg over korleis verda heng saman er du velkommen.

Kyrkja treng ikkje berre dei som allereie er mest engasjerte. Dei treng også nye perspektiv, nye erfaringer og nye stemmer. Difor treng vi deg som vil vera med å skape konkrete resultat i lokalsamfunnet. Det er din tur i 2027!

Kyrkjevalet 2027 er digitalt, med høve til å stemme i fem veker frå 10. august til 13. september.

Tekst: Per-Øyvind Sørbø


Foto: Kirkerådet / Torstein Kiserud

Babysong

Vi er glade for å kunne invitere babyar til babysong hjå oss på tysdagar. Dette er eit fint tiltak vi er glade for at vi kan tilby. Finn glede i song, fellesskap og ro. Det er på kyrkjetorget (misjonsheimen) i Florø. Dørene opnar kl. 10.30 og songstunda tek til kl. 11.00.

Kom som du er og syng med den røysta du har. Lurer du på noko, nøl ikkje med å ta kontakt med oss på kyrkja@kinn.kommune.no.

Tekst: Dag Henrik Nygård


Foto: NRK / Benedikte Grov

Nordfjordpresten – 80 år og framleis på preikestolen

No er vi så heldige at vi får ha Olaf Sigurd Gundersen som fungerande soknеprest i Nord-Vågsøy og Sør-Vågsøy. Vi har med ein røynd og inspirerande mann å gjere. Bergensaren hadde ungdomsår i den nye prestegarden i Innvik i Nordfjord. Faren, Olaf Gundersen, var soknеprest i Innvik frå 1962 til 1966. Den gongen var det 21 søkjarar til stillinga som soknеprest i Innvik. I Innvik møtte han Grete Hilde, og det må ikkje vere nokon tvil om at Olaf Sigurd aldri kunne ha utført prestekallet på ein så omfattande måte om ikkje det hadde vore for ei så driftig prestefrue, som har teke mykje ansvar i tillegg til eige arbeid som lærar.

Her var mange prestar i familien, og Olaf Sigurd var aldri i tvil om at det var prest han skulle verte. Eplet fell ikkje langt frå stammen. Han var med faren på andaktar som born og har vore så godt som kvar sundag i kyrkja. Nokre år i Oslo må til, om det er prest ein vil verte, men dei visste heile vegen at dei skulle flytte vestover til slutt. Ordinasjonen var sumaren 1974, og etter dette var det ni år som prest i Masfjorden.

I 1983 kjem prestefamilien på fire til Vereide prestegard og Gloppen prestegjeld. Dette var ein stor prestegard og han fungerte som eit kyrkjelydshus. Olaf Sigurd har heile tida vore ein fulltidsprest, ein som ikkje registrerer arbeidstimar, men ein som alltid er der og kan stille opp for sokneborna. Lokalpolitikk har vore ein naturleg del av livet, og det har aldri vore utfordrande å kombinere med eit prestekall. Gjennom å vere på same stad over tid kan ein tenkje langsiktig og få ting til. Ein vert tvinga til fornying ved å verte verande i same kall over tid.


Foto: Oline Almenning

Dei fleste vil forbinde Olaf Sigurd med den svarte prestekappa og den kvite pipekragen. Dette er ein svært gamal tradisjon, ein tradisjon vi deler med Danmark, Island, Færøyane og Grønland. Det var enkelt for han å takke høfleg nei til tilbodet om å vere med på eit prøveprosjekt med kvit prestekjole. Drakta symboliserer utdanning i tenesta og er eit tydeleg signal på at nokon er prest. No lyt han sende kragen til Danmark for å verte sett opp.

Konfirmantar er noko han er glad for å kunne arbeide med. Det er ein enorm skilnad i kunnskapsnivået om bibelsoge frå midten av 1970-talet og fram til i dag, men konfirmantane er interesserte. Pedagogikken er enkel og har vore den same gjennom alle åra. Jesus skal vere spanande, kjekt og trygt. Presteborna vart kasta opp mot taket i prestegarden og landa i trygge armar medan Olaf Sigurd sa Jesus. Dette var både spanande, kjekt og trygt.

Krim er noko av det Olaf Sigurd liker å lese. Skal ei preike vere interessant og spanande kan det kome godt med at presten har lese korleis spenning byggjer seg opp i krimlitteraturen. Å lese er å rekne som ein hobby i heimen, og let seg kombinere godt med prestetenesta.

Kunst er ei stor interesse og noko som pregar både heimen og arbeidet som prest. Det fine med kunst er at det er varig. Er det fyrst kome kunst inn i ei kyrkje vert det hengjande trygt og lenge. Det er noko Olaf Sigurd har arbeidd for å få på plass.

Drivkrafta er trua på å få lov til å bidra og gjeve folk noko. Konfirmantane er glad i Olaf Sigurd, og her er det kjekt at dei får vise kva dei kan. Frammøtet i kyrkjene har gått kraftig ned når vi samanliknar med midten av 1970-talet, men det er inspirerande når folk kan få noko i ei preike og gudstenesta elles.

Vi er svært takksame for å få lov til å ha ein så solid, framtenkt og ikkje minst godt forankra prest i lokalsamfunnet vårt. Eit kall som prest har ingen siste forbruksdag. Vi som er kollegaar har ein enorm respekt for denne røynde presten, som alltid har eit klokt svar på lur etter så mange tiår i teneste. Få intervju har vore i så flotte omgjevnadar som i ein presteheim på Sandane. Bak ein driftig og flink prest står det alltid ei dedikert og aktiv frue.

Tekst: Dag Henrik Nygård

KVELDSBØN I FØRJULSTIDA

Ved slutten av denne lange dagen i julekøyret
Skraper eg deigen av fingrane,
parkerer støvsugaren og vaskekluten,
Legg bort sakspapir og rekningar,
ei slunken lommebok, nøklar,
skeivslitne sko, klede, pc og klokke.

Ved slutten av denne hektiske dagen
legg eg på Deg all uro,
lyster og sorger, lengsler, mi skuld.

Ved slutten av denne førjulsdagen
legg eg meg heilt og fullt, stille og trygt,
min gode Gud, i di varetekt.
Til englane sin bodskap og song:
«Ver ikkje redde!»
Betlehemsstjerna skin også gjennom skitne ruter og glas.
«Ære vere Gud i det høgste.»

Olaf Sigurd Gundersen

FOKUS ELEKTRO AS
– GJER KVARDAGEN ENKLARE
Evjegata 12, Pb. 284, 6902 Florø
Tel. 57 75 29 20
post@fokuselektro.no
fokuselektro.no

SYSTEMHUS
Svein Steinhovden Byggservice a.s
Tlf. 57 74 07 30
E-post: svein@byggservicefloro.no

BB ServiceSystem
bb servicesystem.no
Tlf. 971 67 000

Kinn REGNSKAP
Kinn Regnskap AS
Tel: 57 75 14 30
Strandgata 52, 6900 Florø

KVA SKJER I KYRKJENE?


Foto: Dag Henrik Nygård

KONSERTAR

29. november
18.00 Florø kyrkje
Etter julegrantenninga blir det adventskonsert med ulike kor.

10. desember
13.00 Florø kyrkje
Julekonsert med Lev Vel

12. desember
19.00 Florø kyrkje
Koret Fryd har med seg Raimund Hoclas på kontrabass og Laila Beate Førde på saksofon.
Nye klangar og harmonier som set ein ro og julestemning.

13. desember
15.00 Florø kyrkje
Konsert med Florø Hornmusikk

20. desember
18.00 Eikefjord Kyrkje
Lokale musikere frå Eikefjord syng jula inn.

23. desember
Vi ringer jula inn med konsertar i Florø kyrkje. Sjå nettsida for informasjon om tidspunkt.

9. januar 2027
18.00 Florø kyrkje
Nyttårskonsert med kyrkjekoret og Florø Hornmusikk

GUDSTJENESTER I JULA

24. desember
12.00 Stavang
12.30 Kulatoppen
14.00 Nord-Vågsøy
14.00 Nordal
14.00 Florø
16.00 Eikefjord
16.00 Sør-Vågsøy
16.00 Florø

25. desember
12.00 Sør-Vågsøy
12.00 Eikefjord
12.00 Florø

26. desember
11.00 Nord-Vågsøy
15.30 Rognaldsvåg bedehus

1.januar 2027
12.00 Nord-Vågsøy
12.00 Florø

DROP-IN BRYLLUP

Det blir drop-in bryllup på Valentinshelga 13 - 14. februar. Vi er ute i god tid slik at dokke får tid til å planlegge – ta kontakt med kyrkjekontoret.

VIL DU BLI MED PÅ FLEIRE ARRANGEMENT?

Vi jobbar med fleire arrangement i 2027 som ikkje er avklart enda. Følg med på nettsida vår og på Facebook-sidene til dei ulike kyrkjene for å bli oppdatert på kva som skjer i kyrkjene framover.



Takk til Martin Schwarz som har laga postkasse for stempel og pilegrimspass på Kinn.



DOMSTEIN